

1   **HANDLINGSPLAN LIKEVERD, INKLUDERING OG LIKESTILLING**

2   **Utkast 13.06**

3

4   **Bakgrunn:**

5       Bakgrunnen for prosjektet er eit vedtak som vart fatta i Fylkestinget 09.12.2014 i saka  
6       “Handlingsplan mot mobbing av homofile, lesbiske, bofile og transpersonar” (sak 82/2014). I  
7       samband med at LHBT-planen vart send til rullering, bad Fylkestinget Fylkesrådmannen om å  
8       utarbeide ein generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering.

9       Det betyr at denne handlingsplanen for homofile, lesbiske, bofile og transpersonar vert del av  
10      den nye generelle planen.

11      Fylkestinget vedtok 10.06.2008 Tiltaksplan for likestilling og likeverd i Hordaland  
12      fylkeskommune (sak 21/08). Denne planen skal no reviderast, jfr. overordna HMT-plan 2014-  
13      2017. Oppdraget frå Fylkestinget vert tolka slik at dei bed om at det vert utarbeidd ein  
14      generell handlingsplan mot mobbing og diskriminering som gjeld alle dei områda som  
15      fylkeskommunen har ansvar for.

16      Basis for planen er dei 4 diskrimineringslovene og Arbeidsmiljølova (sjå lenker s.15) Det vert  
17      for tida vurdert samanslåing/revidering av diskrimineringslovene, men arbeidet er ikkje  
18      ferdigstilt, og denne planen må derfor forhalde seg til eksisterande lovverk.

19      Prosjektgruppa vart sett ned i oktober 2015 og har hatt desse medlemmene: Ruth Brudvik,  
20      leiar, Anne Mette Nesje Porten (regionalavdelinga), Laila Christin Kleppe  
21      (opplæringsavdelinga), Mari-Kristine Morberg (mobbeombod, opplæringsavd.), Frode  
22      Mannsåker (HR), Jorunn Bakke Johannessen (FHVO), Sølve Sondbø (HTV /koordinator  
23      Akademikerne) fram til 31.12.15, Marius Kjørmo (HTV/koordinator Akademikerne) frå  
24      01.01.16, Benedicte Meyer (HTV Utdannings forbundet).

25      Styringsgruppa: Ingrid Holm Svendsen, direktør Økonomi og organisasjon, Geir Davidsen,  
26      direktør HR, Linda Farestveit, leiar seksjon skule, Opplæringsavdelinga.

27

28   **Innhaldsoversikt**

|    |  |      |
|----|--|------|
| 29 | Bakgrunn.....                              | s.2  |
| 30 | Mangfold og menneskeverd.....              | s.4  |
| 31 | Handlingsplanen – roller og funksjon ..... | s.5  |
| 32 | HFK som tenesteytar .....                  | s.6  |
| 33 | HFK som arbeidsgjevar.....                 | s.8  |
| 34 | Oppsummering.....                          | s.12 |

35 Kjelder og lenkesamling.....s.13

36 Definisjonar.....s.14

37      **1. Mangfold og menneskeverd**

38

39    *MÅL: Alle hordalendingar skal ha same tilbod og moglegheiter for samfunnsseltaking, uansett kjønn,*  
40    *etnisk bakgrunn, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet.*

41    Likeverd, likestilling og inkludering er ein føresetnad for at Hordaland skal vere eit godt samfunn for  
42    alle. Alle som kjem i kontakt med fylkeskommunen skal oppleve å bli høyrde, tekne vare på og sikra  
43    korrekt handsaming. Fylkeskommunen skal ha eit likeverd-, likestillings- og inkluderingsperspektiv i  
44    planprosessar, tilsetjingsprosessar, tenesteyting, opplæring og i samarbeid med friviljuge lag og  
45    organisasjonar.

46    Handlingsplanen er forankra i Hordaland fylkeskommune sitt samfunnsoppdrag: «Vi utviklar  
47    Hordaland» - som har rotfeste i verdiane våre:



Vi nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag, skal vere målbart og kome framtidige generasjonar til gode.

Vi er synlege pådrivarar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.

Vi samarbeider, og er i dialog med, innbyggjarar, kommunar og andre. Slik fremjar vi samhandling og demokrati

48    Gode og tydelege haldningar til likeverd, likestilling og inkludering er ein absolutt føresetnad for å lukkast.

50    Vidare er planen forankra i dei etiske retningslinjene våre:

51    «Fylkeskommunen forvaltar fellesskapet sine verdiar med vekt på menneskeverd og likeverd, utøver offentleg mynde og yt tenester som er viktige for samfunnet, for verksemder og for einskildpersonar.  
53    Folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune skal vere seg medviten samfunnsansvaret som  
54    følgjer med desse oppgåvene, og utøve dei på ein rettferdig og tillitvekkjande måte.»

56    «Likeverd, likestilling og inkludering» er vurdert i høve til diskrimineringsgrunnlaga som kjem til uttrykk i diskrimineringslovene og i Arbeidsmiljølova.

58    I fylkeskommunen er det nulltoleranse for mobbing og trakassering.

59

60    Fylkesrådmann

Fylkesdirektør økonomi/organisasjon

61

62

63       **2. Handlingsplanen – roller og funksjon**

64

65       Målgruppa er både arbeidsgjevar, arbeidstakrarar og brukarar av tenestene, inkludert elevane i  
66       vidaregåande opplæring. Handlingsplanen skal vere med og leggje premissar for fylkeskommunen sitt  
67       oppdrag som regional utviklar.

68

69

70       Formålet med planen er å få eit verktøy og ei støtte for leiatar og tilsette. Samstundes skal den  
71       synleggjere at HFK tar likeverd, likestilling og inkludering på alvor og at det vert arbeidd systematisk  
72       med problemstillingane. Våre brukarar skal kunne vite kva dei kan forventa seg i møte med  
73       organisasjonen vår. Likeeins skal dei som arbeider i HFK både vite kva som blir forventa av dei i  
74       jobben - og kva som er arbeidsgjevarpolitikken vår.

75       Handlingsplanen er difor toledda med tiltak både i arbeidsgjevar- og tenesteytarrolla.

76       Tiltaksplanane er systematisert etter desse to områda: HFK som arbeidsgjevar og HFK som  
77       tenesteytar. Nokre av problemstillingane er aktuelle for begge områda, utan at vi har presisert dette i  
78       framlegga til tiltak.

79

80       *Eit godt arbeidsmiljø er den viktigaste drivkraften for å vedlikehalde og opparbeide haldningar som  
81       fører til aktiv praksis for likeverd, likestilling og inkludering.*

82

83       *Aktiv inkludering kan innebere ein målkonflikt mellom kravet om effektiv drift og reell  
84       inkludering.* Som arbeidsgjevar har fylkeskommunen eit samfunnsansvar, og skal bidra til eit  
85       inkluderande arbeidsliv, og dette kan derfor ha budsjettmessige konsekvensar.

86

87       I tråd med gjeldande styringsdokument og statlege føringar er mange tiltak alt sett i gang, mellom  
88       anna i samband med IA-arbeidet, Folkehelseplan, Overordna HMT-plan mm. (Sjå s.14) Det er viktig å  
89       understrekke at alt inkluderings- og likestillingsarbeid inneber kontinuerleg innsats, og at mange av  
90       tiltaka derfor sjeldan kan ferdigstillast. *Ein føresetnad for at denne planen skal lukkast, er eit  
91       kontinuerleg haldningsarbeid.*

92

93       «Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering» tek opp både arbeidsgjevar- og  
94       tenesteytarperspektivet for HFK.

95

96       Godt og inkluderande leiarskap sikrar ei kontinuerleg formidling av fylkeskommunen sine verdiar, og  
97       slik kan ein ikkje berre førebyggje mobbing og diskriminering, men også aktivt styrke arbeidet med  
98       inkludering og likeverd.

99

100      **Oppfølging av planen:**

101

- 102       • Ansvaret for å implementere planen og følgje opp tiltaka ligg i linjeleiinga. Leiara med  
103       ansvar for det einskilde tiltak, skal setje opp ein forpliktande arbeidsplan med budsjett for  
104       realisering av tiltaket.

- 105     • I samband med den årlege Eigenkontrollen vil det bli etterspurt hos linjeleiar korleis tiltaka er  
106       blitt følgt opp. Eit effektivt kvalitetssystem vil vere eit godt verktøy for å ha ein god oversikt i  
107       linja.  
108     • Handlingsplanen skal takast opp i HAMU/AMU minst ein gong årleg.  
109     • Statusrapportering i HFK si årsmelding.  
110     • Tiltaka i planen skal rullerast minst anna kvart år. Regional planstrategi vert lagt til grunn for  
111       revisjonen.  
112     • Budsjettmessige konsekvensar av tiltaka skal synleggjerast i HFK sitt årsbudsjett, jfr.  
113       arbeidsplanane på dei ulike einingane.  
114

### **3. HFK som tenesteytar**

116 *HFK skal utøve mynde slik at brukarane er sikra korrekt handsaming og rettvise avgjersler. (Sjå Virksomhetsstrategi for HFK 2016-2020)*

118 Dei fleste av innbyggjarane i Hordaland vil ha bruk for fylkeskommunale tenester i løpet av livet:

- 119 • For elevane/lærlingane våre er skulen ein læringsarena og arbeidsplass med dagleg opphold (med eit eige lovverk, Opplæringslova. Lærlingane kjem og inn under arbeidsmiljølova.).
- 120 • Den offentlege tannhelsetenesta er eit viktig tilbod til born og unge, eldre og andre prioriterte grupper.
- 121 • Eit godt kollektiv- og samferdsletilbod er ein av nøklane til ein god kvardag for innbyggjarane og for næringslivet i fylket.
- 122 • HFK gir tilskot og støtte til kultur- og idrettstiltak, og til drift av ulike bygg/anlegg, noko mange innbyggjarar i alle aldrar har glede og nytte av.

127

128 *Hordaland fylkeskommune si tenesteyting er basert på den einskilde innbyggjar sine behov og rettar. Tenestene har like god kvalitet og gir like godt resultat uavhengig av den einskilde innbyggjar sine personlege føresetnader og kor ein bur. Alle som har bruk for fylkeskommunale tenester skal bli møtt med respekt og oppleving av likeverd, uansett personleg ståstad og bakgrunn.*

132 *(Gode levekår fremjar god folkehelse. Trass i fleire sosiale og økonomiske velferdsordningar som skal bidra til sosial utjamning, aukar ulikskap i helse. Hordaland Fylkeskommune har som mål å redusere denne ulikskapen. (Jfr Regional plan for folkehelse). Passar dette her??*

135

136 For å oppnå likeverdige tenester til våre brukarar, må fylkeskommunen ha fokus på:

137 *-Universell utforming.*

138 Universell utforming er planlegging og utforming av produkt, varer og tenester som skal hindre at vi skapar funksjonshemmande barrierar. Dette skal derfor omfatte alle fylkeskommunale tenester, heile bygningsmassen, transportmiddel og tenester frå underleverandørane. Det er viktig at tenestene er støttande for brukarane sin moglegheit til å vere sjølvhjelpe. Redusert psykisk funksjonsevne kan ofte vere «usynleg». Vi må difor stadig utvikle vår kompetanse for å forstå behovet for tilrettelegging.

144 *-Likestilling og inkludering*

145 Likestillingsperspektivet må vere integrert i undervisningstilbodet og rådgjeving til elevane. Ungdom må få oppleve meistring og utvikle eigen styrke og talent. Likeins må likestilling og inkludering vere førande når det gjeld fylkeskommunen si prioritering i økonomisk tildeling til kultur- og idrettstiltak.

148 Vi skal ha aktiv merksemد på at utgreiingar, planar og vedtak kan medføre utilsikta diskriminering for ulike grupper i befolkninga.

150 Hordaland opplever jamn innvandring, inkludert flyktingar, frå andre land, og utviklar seg til eit  
151 stadig meir fleirkulturelt samfunn. Både språklege og kulturelle barrierar kan skape utfordringar, og  
152 fylkeskommunen må difor ta omsyn til god kommunikasjon for å sikre riktige tenester. Døme på  
153 dette er bruk av språknøytrale symbol, profesjonell tolke- og omsetjingstenester og klar presentasjon  
154 av vårt tenesteapparat.

155 Utanforskap har store konsekvensar både for den einskilde og for samfunnet, og er ein  
156 risikofaktor når det gjeld tilknyting til destruktive miljø. Hordaland fylkeskommune skal legge  
157 til rette for gode klasse- og skulemiljø, og ein skal jobbe mot utanforskap og for inkludering i  
158 fellesskapet.

159 -*Mobbing og diskriminering*

160 HFK har nulltoleranse for mobbing og trakassering. **Dette må utdjupast noko. Mari-Kr.?**

161 **Tiltak:**

| Tiltak  | Merknad  | Ansvar          | Frist        |
|---|--|-----------------|--------------|
| <b>Universell utforming</b>   | <b>Jfr.Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne, kap.3 og Folkehelseplan for Hordaland 2014-2025</b> |                 |              |
| <ul style="list-style-type: none"><li>Inkludere kunnskap om universell utforming i HFK si leiaropplæring</li></ul>                          | Kunnskap for haldningsendring<br>Spesiell utfordring:<br>Hørselshemmning   | Dir. øk/org     | Kontinuerleg |
| <ul style="list-style-type: none"><li>Døvetolking frå fylkestingsmøta</li></ul>   |  | Fylkesrådmannen | 01.01.17     |
| <ul style="list-style-type: none"><li>Plassering av alle opne, politiske møte i lokale med universell utforming</li></ul>                   |  | Fylkesrådmannen | 01.01.17     |
| <ul style="list-style-type: none"><li>Inngå generell avtale om tolketeneste.</li></ul>  | Dette gjeld både framandspråk, teiknspråk og synstolking   | Fylkesrådmannen | Kontinuerleg |
| <ul style="list-style-type: none"><li>Be Skyss vurdere tenesteproduksjonen sin med særleg tanke på forenkling av billettsystemet.</li></ul> |  | Dir. Samferdsel | 01.01.17     |
| <b>Inkludering og likestilling</b>  | <b>Jfr. De fire diskrimineringslovene</b>  |                 |              |

|  |  |                    |                   |
|--|--|--------------------|-------------------|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Innføringstilboda for minoritetsspråklege med kort butid skal plasserast i eigne kurs eller i kombinasjonsklassar</li> </ul>                | Kvalitetssikring av språknivå for elevar med norsk som andrespråk                          | Dir. opplæring     | Skuleåret 2017/18 |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre at minoritetsspråklege med rett til særskilt språkopplæring etter opplæringlova §3.12, må og få tospråkleg opplæring i fag</li> </ul> | Tilsyn i samband med dette startar h-2016  | Dir. opplæring     | Kontinuerleg      |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Redigering av søkjarhandboka til vgo for å gjera ho tydelegare på tilboda til elevar med funksjonshemmingar</li> </ul>                      | Gjeld særleg tilrettelagt opplæring.   | Dir. opplæring     | 01.12.2016        |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareføring av tilbod som t.d. produksjonsskule og vekslingsmodell</li> </ul>  | Stor fleksibilitet i undervisningstilbodet for å inkludere fleire                          | Dir. opplæring     | Kontinuerleg      |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Lærekandidatordninga må gjerast betre kjent</li> </ul>  | Ein vurderer betre plassering av informasjon   | Dir. opplæring     | 01.12.16          |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>LGBT-sertifisering av HFK-jfr.LGBT-planen</li> </ul>  | Jfr.Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i HFK  | Dir. øk/org        | 01.06.2017        |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Tilsette i skulen skal få tilbod om kompetanseheving i emne som kjønns mangfald, etikk og ulike samlivsformer</li> </ul>                    |  | Dir. opplæring     |                   |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>HFK skal ha gjennomgang av biletbruken for å sikre mangfald i den visuelle kommunikasjonen</li> </ul>                                       | T.d. ved å vise bilete av likekjønna par, innvandrurar, personar med nedsett funksjonsevne | Dir. kommunikasjon | Våren 2017        |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Opprette samarbeid med Likestillingssenteret med tanke på systematisk arbeid for auka likestilling i elevane sine utdanningsval</li> </ul>  | Rådgjevarar i skule bør inkuderast i dette arbeidet  | Dir. opplæring     | Skuleåret 17/18   |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Opprette fylkeskommunale nettverk for elevar som vel utradisjonelt når det gjeld utdanningsretning</li> </ul>                               |  | Dir. opplæring     | Skuleåret 17/18   |
| <b>Mobbing/diskriminering</b>  |  |                    |                   |

|   |  |                 |  |
|---|--|-----------------|--|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Kurs for alle skuletilsette om avdekning og handtering av mobbesaker der elevar er involverte</li> </ul> |  | Dir.opplæring   |  |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>Opprette eit beredskapsteam for særleg vanskelege mobbesaker</li> </ul>                                  |  | Fylkesrådmannen |  |

162

163

164

165

166 **4. HFK som arbeidsgjevar**

167

168 *HFK si rolle som arbeidsgjevar er basert på respekt for og tillit til dei tilsette, og mangfald er*  
169 *ein viktig ressurs både i rekrutteringsarbeidet og i den daglege verksemda.*

170 *HFK skal legge til rette for å rekruttere, utvikle og ta vare på den kompetansen som til ei*  
171 *kvar tid trengst for å oppfylle samfunnsoppdraget. .*

- 172     • Hordaland fylkeskommune har som del av den offentlege forvaltninga eit stort ansvar  
173       for å ta vare på og utvikle dei demokratiske verdiane.
- 174     • HFK sin arbeidsgjevarpolitikk skal fremja likeverd, likestilling og inkludering. Den gode  
175       personalpolitikken skal kjenneteikne fylkeskommunen i alle ledd og på alle nivå, og  
176       slik gjere HFK til ein attraktiv arbeidsplass for dyktige medarbeidrarar.
- 177     • I dei fleste sektorane er kjønnsfordelinga relativt jamn, men talet på menn er noko  
178       høgt i leiande stillingar sett i forhold til det totale talet.

179

180       For å rekruttere og behalde eit kompetent og stabilt personale som representerer  
181       fylkeskommunen sine verdiar, må HFK ha fokus på:

182

183       -*Lønspolitikk*

184

185       Det er eit uttalt mål for fylkeskommunen at talet på arbeidstakarar i uønskt deltid  
186       skal reduserast. HFK skal og ha ein lønspolitikk som ikkje favoriserer eitt kjønn.  
187       Usaklege lønsforskjellar skal elles aktivt motarbeidast. Jfr. Aktivitets- og  
188       redegjørelsesplikten §23 og 24 i Likestillingsloven.

189

190       -*Alder*

191       Arbeidsmiljølova slår fast at det er forbod mot diskriminering på grunn av alder i alle  
192       sider ved arbeidsforholdet, t.d. tilsettjing, omplassering, forfremming, opplæring, løn  
193       og opphør. HFK ønskjer at eldre arbeidstakarar skal kjenne seg verdsette og  
194       inkluderte på lik linje med yngre. I prosedyren for rekruttering i HFK er det nemnt at  
195       det er diskriminering dersom ein søker ikkje vert kalla inn til intervju pga. høg alder.  
196       HFK skal som IA-verksemrd skal stimulere sine tilsette til å stå lenger i arbeid.  
197       Fylkeskommunen skal ha eit livsfaseperspektiv som del av personalpolitikken.

198

199       -*Rekruttering*

200 HFK ønsker eit mangfald av dyktige medarbeidarar, og må legga til rette både for ei  
201 brei rekruttering og for å behalde dei tilsette. Ei balansert fordeling når det gjeld  
202 kjønn, etnisitet, funksjonsevne og alder verkar positivt inn på arbeidsmiljøet, og det  
203 vil vere med på å utvikle organisasjonen.

204

205 *-Likestilling og inkludering*

206

207 HFK ønskjer å fremje likestilling på alle nivå i organisasjonen. Som arbeidsgjevar har  
208 fylkeskommunen ansvar for at medarbeidarane ikkje opplever seg diskriminerte på  
209 bakgrunn av kjønn, seksuell orientering eller kjønnsidentitet. Alle tilsette i HFK skal  
210 trygt kunne vere opne om sin bakgrunn dersom dei ønskjer det. (Sjå elles LHBT-  
211 planen frå 2014)

212

213

214 *-Åtferd*

215

216 Inkludering på arbeidsplassen gir seg utslag i høfleg og omgjengeleg åtferd. Døme på  
217 slik åtferd finn vi i språkbruk, humor og i den generelle kommunikasjonen på  
218 arbeidsplassen. Leiaren skal sjå kvar einskild arbeidstakar som heile og verdfulle  
219 menneske, og alle skal handsamast med respekt. Vi arbeider aktivt for å oppnå lik  
220 leiarpraksis på alle nivå og i alle einingar.

221

222

223 *-Inkludering*

224

225 Det skal vere kultur i HFK for å tilsetje og ta godt vare på medarbeidarar med både  
226 synlege og usynlege utfordringar som redusert fysisk eller psykisk funksjonsevne.  
227 Døme på dette kan vere nedsett syn eller høyrslle, rørslehemmingar, lese- og  
228 skrivevanskar, psykiske problem, allergiar eller høgsensitivitet av ulik karakter. Alle  
229 skal ha respekt for kvarandre uavhengig av livssyn eller religiøs tilhøyrslle, og  
230 medarbeidarar med ulik politisk og sosial bakgrunn vert verdsette like høgt. Eit  
231 breiddt mangfald kan medføre ulik grad av tilrettelegging, men det vil og tilføre  
232 organisasjonen nye ressursar og vitalitet. Medarbeidarane i HFK står i ulike livsfasar,  
233 og arbeidsgjevarpolitikken i fylkeskommunen tek omsyn til dette.

234

235 *Aktiv inkludering kan innebere ein målkonflikt mellom kravet om effektiv drift og reell*  
236 *inkludering.* Som arbeidsgjevar har fylkeskommunen eit samfunnsansvar, og skal  
237 bidra til eit inkluderande arbeidsliv, og dette kan derfor ha budsjettmessige  
238 konsekvensar.

241 **Tiltak**

| Tiltak  | Merknad   | Ansvar                                 | Frist        |
|---|---|--|--------------|
| <b>Inkludering og likestilling</b>  | Jfr. Dei fire diskrimineringslovene   |  |              |
| Likeverd og inkludering skal vere tema på:<br>-Leiarsamlingar<br>-Leiaropplæringa<br>-Kurs for nytilsette<br>-Grunnkurs i HMS-arbeid<br>-skal årleg opp i AMU/HAMU<br>-Handlingsplanen skal presenterast for nytilsette i oppstartsamtale |   | Fylkesdirektør økonomi og organisasjon | Kontinuerleg |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Revidere lønspolitisk dokument med tanke på konkrete tiltak for å motarbeide lønsforskjellar basert på kjønn</li> </ul>  | Basert på statistisk materiale  | Direktør økonomi og organisasjon       | 2017         |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide ein prosedyre for sluttintervju der alle som går heilt eller delvis av, kan melde tilbake korleis dei har opplevd prosessen omkring pensjoneringa.</li> </ul>                          | Informasjonen frå desse intervjua skal danne grunnlag for læring og forbetring omkring handsaming av seniorar i HFK | Dir. Øk/org                            | 2017         |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leggje til rette for «stillerom» i dei ulike fylkeskommunale einingane</li> </ul>  |   | Dir.eigedom                            |              |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Avsetje ein årleg sum i budsjettet til konkret inkluderingsarbeid blant tilsette og ved rekruttering.</li> </ul>   | Årleg rapportering på bruk av desse ressursane.   | Dir.Øk/org                             | Våren 2017   |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Opprette ein pris for godt inkluderingsarbeid</li> </ul>   |   | Dir.Øk/org                             | Våren 2017   |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide retningslinjer for grensesetting når det gjeld kleskode, religiøse uttrykk etc.</li> </ul>   |   | Fylkesrådmannen                        | Dir.Øk/org   |
| <b>Mobbing og diskriminering</b>  |   |  |              |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skipe til haldningskampanje mot mobbing</li> </ul>   |   | Fylkesrådmannen                        | 2017         |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide retningslinjer for</li> </ul>  | Jfr. Forskrift til AML  | Dir.HR                                 | 01.03.17     |

|  |  |                   |   |
|--|--|-------------------|---|
| handtering av mobbing og trakassering blant tilsette i HFK   |  |                   |   |
| <b>Rekrutteringsarbeid</b>   |  |                   | <b>Her skal ein ha særleg merksemd på Prosedyre ved rekruttering, pkt.4,5 og 10</b> |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• HFK skal ha praksis- og lærlingplassar (evt.traineeestillingar) for personar med etnisk minoritetsbakgrunn og nedsett funksjonsevne. 20 % av lærligplassane skal vere øyremerkte desse gruppene.</li> </ul> |  | Fylkesrådmannen   | Kontinuerleg  |
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Stillingsannonser skal opplyse om fylkeskommunen sin inkluderingspolitikk. Aktuelle grupper skal oppmodast om å søkje.</li> </ul>   | Aktuelle annonsar skal liggje føre på engelsk i nettversjonen. | Dir.kommunikasjon | 01.03.17  |

242

243

244 **5. Oppsummering**

245 Arbeidet med likestilling og likeverd, mangfold og inkludering, handlar om meir enn det som kan  
246 nedfellast i planar og lovverk. Det handlar om langsiktig arbeid, om vanskelege prioriteringar, og ikkje  
247 minst, det handlar om *haldningar*. Denne planen er eit uttrykk for at Hordaland fylkeskommune  
248 ønskjer å satse og gjere verdiane forpliktande for fylkeskommunen sitt arbeid framover.

249 Planen har fokus på mangfold og likeverd, og intensjonen har vore å vinkle arbeidet på *inkludering*  
250 istadenfor *diskriminering*. Vidare skal han vere eit viktig verktøy for å gje kunnskap, verkemiddel og  
251 retningslinjer til å setja i verk moglege tiltak for å nå dette målet. Den konkrete oppfølginga av  
252 planen vert avgjerande for fylkeskommunen si utøving av samfunnsoppdraget. Dette gjeld både i  
253 rolla som arbeidsgjevar, som arbeidsplass, i skulen og i den offentlege tenesteytinga.

254 Denne planen skal gi retning for arbeidet i HFK, og den skal bidra til at HFK vert ein attraktiv  
255 arbeidsgjevar så vel som ein rettvis, effektiv og god tenesteytar for innbyggjarane.

256

- 257       **6. Kjelder/lenker**
- 258
- 259       Prosjektplan og oppdragsspesifikasjon
- 260       Etiske retningsliner for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune (godkjent av Fylkestinget  
261       2015)
- 262       Utkast til virksomhetsstrategi for Hordaland fylkeskommune 2016-2020, 4.februar 2016
- 263       Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt
- 264       Tiltaksplan for likestilling og likeverd i Hordaland fylkeskommune, 2008
- 265       Overordna HMT-plan for Hordaland fylkeskommune 2014-2017
- 266       IA-avtalen
- 267       Samarbeidsavtale for IA mellom NAV og HFK
- 268       Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018
- 269       Arbeidsmiljølova
- 270       Lov om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion og livssyn (diskrimineringsloven om  
271       etnisitet)
- 272       Lov om likestillings mellom kjønnene (likestillingsloven)
- 273       Lov om forbund mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og  
274       kjønnsuttrykk (diskrimineringsloven om seksuell orientering)
- 275       Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og  
276       tilgjengelighetsloven)
- 277       Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i Hordaland  
278       fylkeskommune (2014)
- 279       Regional plan for folkehelse 2014-2025 (som erstattar Fylkesdelplan for universell utforming 2006-  
280       2009)
- 281       [www.biggforalle.no](http://www.biggforalle.no)
- 282       Hordaland fylkeskommune si årsmelding frå 2015 ([www.hordaland.no](http://www.hordaland.no))
- 283
- 284
- 285       **7. Definisjonar**
- 286       Når det gjeld bruken av omgrepa diskriminering, mobbing og inkludering i planen, legg vi til  
287       grunn desse definisjonane:

288

289 «Diskriminering, å behandle noen mindre gunstig enn andre. Ordet brukes oftest for å betegne en  
290 usaklig eller urimelig forskjellsbehandling av individer på grunnlag av deres kjønn, religion,  
291 tilhørighet til etniske grupper, nasjonaliteter eller nedsatt funksjonsevne. Dette gjenspeiles i  
292 begreper som for eksempel rasediskriminering og kjønnsdiskriminering.» (Store norske leksikon,  
293 <https://snl.no/diskriminering>, 31.03.16)

294 Når det gjeld omgrepene inkludering, har vi valt å gjengi definisjonen som Udir har på sine  
295 sider. Denne definisjonen tar utgangspunkt i skule/opplæring, men kan også nyttast i større  
296 samanhengar.

297 «Inkluderende opplæring handler om at alle barn og unge med ulik sosial bakgrunn og med  
298 forskjellig etnisk, religiøs og språklig tilhørighet skal møtes med tillit og respekt på skolen.

299 Den inkluderende skolen er basert på grunnleggende respekt for menneskerettighetene og  
300 menneskers likeverd. Dette er et verdigrunnlag som har sterkt oppslutning i samfunnet vårt og  
301 som er nedfelt i opplæringslovens formålsparagraf.» ([http://www.udir.no/Regelverk/tidlig-  
302 innsats/Skole/Begreper-og-prinsipper/Inkluderende-opplaring/](http://www.udir.no/Regelverk/tidlig-innats/Skole/Begreper-og-prinsipper/Inkluderende-opplaring/), 01.06.2016)

303

304 **Arbeidstilsynet** har følgjande definisjon av mobbeomgrepene: "Det er mobbing når en person  
305 gjentatte ganger og over tid utsettes for negative handlinger. Dette kan dreie seg om  
306 trakkassering, plaging, utfrysing, sårende erting og lignende. Det er typisk for situasjonen at  
307 offeret ikke er i stand til å forsøre seg. Dersom partene som står mot hverandre er like  
308 sterke eller det handler om enkeltstående episoder, defineres det ikke som mobbing.  
309 Styrkeforholdet mellom partene handler ikke nødvendigvis om formell plassering i  
310 organisasjonen. Slik begrepet vanligvis brukes, kan en person bli utsatt for mobbing både fra  
311 ledere og kollegaer." ([http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=78225#hva\\_er](http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=78225#hva_er)  
312 31.03.16)

313

314